



# DEN NORSKE KIRKE

## Kyrkerådet, Mellomkyrkjeleg råd, Samisk kyrkjeråd

### UKM 07/08 Gudstenestereforma

”Det må bli større fleksibilitet i høymessen”, sa Ungdommens kyrkjemøte (UKM) i 2003 (UKM 05/03).

No har dette vedtaket kome eit langt steg nærmare realisering. Kyrkjerådet vedtok i juni 2008 å sende forslag til ny gudstenestebok, ny salmebok og nye tekstrekker ut på høyring. Målet er eit endeleg vedtak på Kyrkjemøtet i 2009. Liturgien for dåp er ikkje med i denne runden og vil bli endra noko før den blir sendt på høyring. UKM skal også få saka til høyring neste år, men vil i år gje nokre innspel til høyringa slik at dei som skal uttale seg om reforma kan ta ungdom sine meiningar med når dei vurderer materialet.

Innleiingsvis kan ein spørje: Kva skal til for at eg går til gudsteneste? Målet for dette arbeidet som starta på UKM i 2003 er at gudstenesta skal vere ein del av kvardagen til fleire ungdomar. Det store spørsmålet i denne saka er: Kva vil inspirere oss til å gå meir i kyrkja, til å involvere oss i å være deltakande på å skape gode gudstenester? Kvifor går vi egentleg til gudsteneste? Fordi vi har lyst, eller fordi fellesskapet treng akkurat meg? Ein tanke er at fellesskapet manglar noko utan meg. Dette gjer noko med trua mi.

Mange seier dei ikkje går til gudsteneste av den grunn at det ikkje er former som ungdom kjenner seg att i. Noko av grunntankane i ynskja om reform var at vi ikkje skulle ha a- og b- gudstenester. A-laget som møttest kl. 11 til høgmesse, og b- laget som møttest til andre typar gudstenester – lavgudstenester? Vi ynskjer gudstenester som vekker gjenkjenning, samstundes som det å vere kyrkje også er ei øving i å tåle mangfaldet. Ungdom må kunne kjenne seg att i gudstenesta, men det må andre generasjonar også få. Gudsteneste er ein av få arenaer i Noreg der unge og gamle møtast på tvers av alder og sosial status. Her har kyrkjelyden sitt største potensiale. Difor er det viktig korleis gudstenestene våre femner vidt og vert eit truverdig teikn på den kyrkja vi alle er ein del av.

### Bakgrunn

UKM kan vere stolte av ha sett i gong denne reforma. Vedtaket frå UKM i 2003 er eit vedlegg. Det var med dette det heile starta. Kyrkerådet valde ut 3 kjerneverdier: ”fleksibilitet, involvering og stadeigengjering”, og gav Nemnd for Gudstenesteliv (NFG) i oppdrag å utforme denne reformprosessen. NFG nedsette fem underutval til utviklingsarbeidet. I alle desse utvala var det med unge representantar. No har NFG og underutvala levert frå seg eit forslag til Gudstenestebok med ordning for kyrkjelydens hovudgudsteneste. Til dette inngår fleire seriar musikk til ledda i gudstenesta (ordinariemusikk - Kyrie, Gloria, Agnus Dei, mm), eit forslag til dåpsliturgi, og forslag til ny salmebok. I desse forslaga er det mange grunnleggjande endringar, i tråd med mykje av det UKM foreslo i 2003.

Det er to endringar som er grunnleggjande for å forstå reformen: For det fyrste å tenkje gudsteneste ut frå eit grunnmønster kalla ordo, og for det andre spørsmålet om kven som har mynde til å avgjere kva slags gudsteneste kyrkjelydane skal feire. Fyrst ordo:

### Ordo

Kva er det som gjer at vi kjenner att ei gudsteneste? Sjølv om vi er i utlandet og handlingane skjer på eit språk vi ikkje skjønner og melodiar og songar er annleis, så er

det noko som gjer at vi kjenner att det som skjer som ei gudsteneste. Det er eit mønster i dei handlingane vi gjer som vekker gjenkjenning: Vi syng og ber, vi les frå Bibelen, vi deler brødet osv. Dette grunnmønsteret blir kalla ordo. Ordo er det felles handlingsmønsteret som gjer at vi kjenner att kva ei gudsteneste er sjølv om vi ikkje kjenner verken songane eller språket. Vi kjenner att det vi gjer.

Tidlegare har det vore eit mål at ei gudsteneste skulle vere likast mogleg over heile Noreg. Dette prinsippet har ein no gått bort frå. Innanfor den felles ramma, kalla Ordo, kan gudstenesta vere ulik frå kyrkje til kyrkje.

Forslaget er at Ordo skal ha følgjande struktur: Samling, Ordet, Forbøn, Nattverd og Utsending. (Og inntil denne strukturen ligg Dåp). Dette er grunnstrukturen som Kyrkerådets Nemnd for Gudstenesteliv (NFG) ser for seg at ein skal kunne kjenne att i alle kyrkjelydar.

### **Mynde til å avgjere**

Den andre store endringa er at myndet til å avgjere kva slags liturgiar som skal nyttast lokalt, blir flytta til lokalkyrkjelyden, aller helst til eit gudstenesteutval. I det gudstenesteutvalet må UKM understreke at òg ungdom må vere med.

Gudstenesteutvalet vil utforme lokale normalordningar for korleis gudsteneste skal feirast i kyrkjelyden, som blir sendt til biskopen og prosten til orientering. UKM bør framheve at det er ei sentral målsetting for Den norske kyrkja med 20 % representasjon av unge under 30 år i alle råd og utval. Det blir særskilt viktig i gudstenestereforma.

### **Forslaget til ny gudsteneste**

Forslaget til ny gudstenestebok er laga ut frå kjerneverdiane: Fleksibilitet, involvering og stadeigengjering.

### **Fleksibilitet**

Det betyr ei *fleksibel* gudsteneste, som ikkje er lik over heile landet, men har rom for ulikt preg både etter kva tid, stad, situasjonar og målgruppe den blir laga til. Det er viktig at ein kyrkjelyd er kjent med si lokale gudsteneste. Difor vil det vere lurt med nokre lokale "normalordningar" som skaper gjenkjenning.

Ynskje om fleksibilitet syner seg òg i forslaget til ny salmebok. Der søker ein å ta vare på det beste av den gamle tradisjonen og samstundes hente inn nytt materiale. I materialet som ligg føre til dags dato er det ikkje klart om det skal vere fritt å bruke alternative songar og salmar til dei som står i salmebøkene. Kyrkerådet vedtok i 2005 at "for å gjøre rom for fleksibilitet og stedegjengjering videreføres den allerede vedtatte praksis med å kunne gjøre bruk av salmer fra andre kilder." (KR 50/05) Dette viser (antakeleg) til forsøksordninga som blei vedtatt i 1995, der ein opna for at ein i alle gudstenester kan velje ein eller to (når det er nattverd) salmar frå andre kjelder. Er dette noko UKM tenkjer er tenleg? Salmebokforslaget har mykje større bredde i form og uttrykk enn den noverande salmeboka. Det har òg kome inn nokre nyare songar frå moderne lovsongstradisjon som blir nytta i mange ungdomsmiljø, men dette har vore omstritt i utvalet og er ein særskilt avgrensa del av forslaget. Det kan difor vere viktig for UKM også å seie noko om høvet til å nytte salmar og songar frå andre kjelder. Det blir foreslått at ein ved dette høvet lagar to salmebøker. Del 1, med mest mogleg av "kjernesalmane", og del 2, med materiale som ein ser for seg kan skiftast ut litt oftare. For UKM vil eit sentralt spørsmål vere om dette er nok for at unge folk skal ha ein oppleving av at min musikk er representert i kyrkja? Dette gjeld ikkje minst også salmar på dei tre samiske språka. Kyrkerådet uttalte på sitt møte i juni 08 at det trengst fleire samiske salmar. Salmeboka bør søkje å vere mest mogleg representativ,

samstundes som ein òg må kunne synge songar frå andre kjelder enn salmeboka.

### **Involvering**

Det er eit mål i den nye reforma at ei gudsteneste skal vere prega av *involvering*. Det blir vektlagt at gudsteneste er noko vi lagar og gjer saman. Dette gjeld både i høve til å avgjere kva slags gudstenester ein skal ha i kvar enkelt kyrkjelyd, planlegging av dei enkelte gudstenester, og kven som gjer kva i gudsteneste. Det er opna opp for at medliturgar kan leie mykje av det prestane gjer i dag. Barn og unge kan òg vere medliturgar! Gudstenesta er ei handling utført av kyrkjelyden i fellesskap. Eit av dei krevjande spørsmåla er korleis involvering kan bli meir enn å hjelpe til med til dømes å lese ein tekst. Det store spørsmålet er korleis vi kan skape eit raust eigarskap. Det kan til dømes handle om moglegheita for barn og unge til å vere med og finne idear til gudstenesta, vere med og utvikle ho, og også delta i den konkrete førebuinga og gjennomføringa.

### **Stadeigengjering**

Den tredje tanken er at fleksibiliteten kan gjere det mogleg å la gudstenester bli prega av *staden der dei blir til*. Det er det vi kallar stadeigengjering. Det viktigaste her er at myndet til å avgjere liturgispørsmål, innanfor ramma, blir flytt til lokalkyrkjelyden. Vona er at det lokale særpreget blir synleg i gudstenesta. Kvar einskild kyrkje og kyrkjelyd er ulike, like eins kvar stad. Saman med menneska som bur der utgjer dei ramma ei gudsteneste blir til innanfor. Innanfor denne ramma, vel vitande om at vi er ein del av Guds kyrkje på heile jorda, skaper vi gudsteneste saman, og freistar å leggje til rette for eit møte med det heilage. Teologien i gudstenesta veks såleis fram både av måten rommet er organisert på, måten vi gjer liturgien på og av dei orda vi vel når vi skal seie noko.

Reformforslaget har freista å lytte til erfaringa av å være menneske. Teologi og erfaring er knytt saman, og sidan førre reform er det gjort nokre erfaringar som ein vil ta på alvor. Alle menneske – i alle aldrar, kjønn, storleik, utdanning, med fleire eller få funksjonshinder – er skapte i Guds bilete og elska av Gud. Vi ynskjer at språket og handlingane i gudstenesta speglar dette. Det er difor også gjort eit vedtak om at reformen vil at gudstenestene skal nytte eit inkluderande språk og spegle eit rettvis og mangfaldig bilete ikkje berre av menneske, men også av Gud.

Målsettinga er at forslaget vil gje den lokale kyrkjelyden reiskapar til å skape gode gudstenester som ivaretek mangfaldet.

### **Brukarrettleiing til vedlegga til denne saka**

Vedlagt denne saka følgjer forslaget til hovudgudsteneste som skal på høring. Det blir kalla "Gudstjenesteboken". I tillegg til dette har NFG laga to hefte med ressursar og alternativ. Desse kan lesast på

<http://www.kyrkja.no/?event=showMeetingPlan&famID=8468> Dei to neste delane heiter "Gudstjenesteboken - Tillegg", og sist "Gudstjenesteboken - Varianter av liturgiske ledd".

Som eit døme på korleis ein gudsteneste kan sjå ut, ligg det også ved saka ei mal for ei gudsteneste. Denne er meint som ei hjelp til å sjå korleis det kan settast saman i det nye forslaget. Her er det lagt særskilt vekt på å vise kvar barn og unge kan være med som medliturgar. Der er mykje forslaget opnar for at kan fjernast, og dette forslaget er gjort ganske kort. Der ting er tatt med som kan fjernast, er dette ført opp. Dette er sjølvstøtt berre *eitt* eksempel på korleis ei gudsteneste kan settast saman ut frå ordninga.

Når ein les liturgiane vil det vere viktig å leggje særskilt merke til rubrikkane (**med raud skrift**), som syner kva ledd som alltid skal vere med og kva ledd som kan takast bort. Det viktige ordet her er ”kan”. Når det står at noko *kan* gjerast betyr det at det ikkje *må* gjerast.

Alt UKM vedtek i denne saka blir innspel til høring i haust.

**På denne bakgrunnen blir UKM i år særleg bedne om:**

- Å uttale seg om tankane rundt og innhaldet i forslag til ny gudsteneste for Den norske kyrkja er slik UKM ynskjer seg det.

Under dette kan det hende ein særleg vil drøfte:

- Om ordo er open nok eller om det bør gjerast enda meir fleksibelt?
  - Korleis kan ein sikre at barn og unge i lokalkyrkjelydane får eigarskap til gudstenesta?
  - Kva rolle den nye salmeboka skal ha, og korleis ungdommar sitt musikalske og kulturelle uttrykk òg kan verte ein del av gudstenesta?
- Å komme med innspel til avslutningsgudstenesta på Kyrkjemøtet til hausten, under arbeidstitelen: UKMs drøymegudsteneste!
  - Å tenkje gjennom om det er noko UKM meiner at kyrkjelydane bør leggje særleg vekt på å arbeide med i høringa, ikkje minst korleis ein sikrar at ungdom blir høyrte i høringa?

**Lagt ved saka følgjer:**

- UKM 05/03 Hva slags gudstjeneste vil vi ha
- Gudstjenesteboken (Deler av Kyrkjerådet sak 30/08)
- ”Et eksempel på mal for en ganske kort gudstjeneste etter forslag til ny gudstjeneste for Den norske kirke”

**Som ytterlegare ressursar til saka, for dei spesielt interesserte er desse vedlegga tilgjengelege for nedlasting på**

**<http://www.kyrkja.no/?event=showMeetingPlan&famID=8468>:**

- Forslag til Norsk Salmebok I/II (Kyrkjerådet sak 32/08)
- Gudstjenesteboken Tillegg (Kyrkjerådet sak 30/08)
- Gudstjenesteboken Varianter av liturgiske ledd (Kyrkjerådet sak 30/08).